Førsteblad

Bondemiljö

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Fylke: Nord-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leksvik

Emne: Måltider og mat

Bygdelag: Blankbygda

Oppskr. av: Johannes Olagjen

Gard: Röstad nordre

(adresse): Leksvik

G.nr. 34 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Dei fleste opplysningane om eldre tider har eg av den 83 år gl. morbroren min som har vori bonde og er född i bygda

SVAR

1 Det var 5-6 måltider om dagen i eldre tid, no er det jamnen 4. opptil 5. Nei sommar og vinter like mange. Åbit, feridut, middag, ettirmiddag, non og kveldsmat i eldre tid. åbit i 5-½6 tida, feridut i 8 tida, middag kl. 12, etti middag kl. 2 (14), non i 5 tida (17) og kveldsmaten kl. 9 em. no er det morgonsmat i 7-½8 tida middag kl. 12 og ettimiddag dei som brukar det kl. 14, nonsmat kl 17, eller 18 når dei gjer berre 2 ökter og kveldsmat i 20 tida.

3 Nei

4 Nei

5 Middagsmaten er rekna som hovudmålet. Nei

6 Fleire måltid om dagen var varm mat. i eldre tid. Til feridut var det varm graut, til middag enten kjött eller sjömat (fisk og sild) til non helst fisk eller klubb og til kvelds graut.

7 Sundagen vart det regel kjött til middag og torsdagen jamnast flesk eller kjött

5909

eller var det sild og fisk

8 Nei

9 Kjött var det kvar sundag til middag, og kjött eller flesk torsdagene hos dei vanlege bönder. Hos dei velståande brukte dei meir kjött, det var jamt kjött til non der. Men hos husmennene gjekk det meir på sjömaten.
Sild var middagsmaten dei andre vekedagane (spekt- og koka sild) fisk til nonsmat. Til sjömaten var det syrsupe, av vatn, mysesyre og bygg- eller havremjöl.

10 Enda blir flatbröd brukt til middagsmaten i dei fleste heimane.

11 Middagsmaten var eg nemnt. Åbiten var i eldre tid ein dram og flatbröd eller etter poteten vart vanleg ei potetkake (hyllkak). Frukostmaten var havremjölgraut med ei fleskskive etter. Sundagen byggmjölgraut. Nonsmaten var fisk, stundom klubb, og til kvelds havremjölgraut. Til ettermiddag var det mjölk og flatbröd, seinare hyllkake. og sidan kaffen vart vanleg kaffe og kake. (hyllkake eller omnsbröd) dette var sommer som vinter

12 Morgon kaffe og bröd, middag kjött eller sjömat med suppe attåt (saft- eller mjölksuppe) og flatbröd), ettermiddag kaffe og bröd eller småkaker, non kaffe og bröd og kveldsmat graut. (bygg- eller grynmjöl)

13 Ingen spesiell mat er kan ein rekne sers omtykt.

5909

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 24

Måltider og mat

14/ Nei, det måtte vera kråke og gråtrast („gjuttutrast" som vi kallar han) det er det i allfall få som et her i bygda.

15/ Ein kan ikkje seia det heller. Soppe blir framleis lite brukt, nyper har vori brukt snart ein mannsalder, men bruken har auka etterkvart, kaffetilsetning blir det vel bruka mindre av idag enn för krigen, for folk har bedre råd no. Så kosthaldet vart ikkje endra noko av krigen, endringa kom lenge för denne.

5909
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING